

SLUTTRAPPORT

Forenkling av utmarksforvaltninga – "ei dør inn"



Dato: 30.11.2019

Lom kommune
Norsk fjellsenter
Jotunheimen nasjonalpark
Lom fjellstyre

Innhold

1	Samandrag	2
2	Prosjektorganisering	3
3	Gjennomføring av prosjektmåla	3
3.1	Prosjektmåla:	3
3.2	Gjennomføring av aktivitetar knytt til prosjektmåla	3
3.3	Oversikt over utarbeidde forslag til forbetring og forenkling knytt til prosjektmåla;	5
4	Resultat og samfunnsnytte	6
4.1	Forslag til forbetring og resultat av desse:	6
5	Erfaringar i prosjektet	8
6	Økonomi	10
7	Vedlegg	11

1 Samandrag

Prosjekt:	Forenkling av utmarksforvaltning i Lom kommune og Jotunheimen nasjonalpark
Prosjektperiode:	25. 10 2017 - 30.11.2019
Prosjektleder:	Norsk fjellsenter v/Mai Bakken
Prosjektansvarlig:	Lom kommune v/Åshild M. Amundsen

KMD sitt mål med forsøksordninga:

- styrke kommunen sin fyrstelineteneste og utøving av mynde i utmarksforvaltinga.
- auka verdiskaping med utgangspunkt i utmarka sitt ressursgrunnlag.
- erfaringsgrunnlag for varige forenklingstiltak i utmarksforvaltninga.

Lom kommune søkte i samarbeid med Norsk fjellsenter, nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen nasjonalpark og Lom fjellstyre om deltaking i «Forsøksordning 2017 – Forenkling av utmarksforvaltningen». Prosjektet skisserte eit overordna mål; Å forenkle prosessar for brukar og forvaltning i samband med søknader, sakshandsaming og rapporteringar i utmarksforvaltninga. Vidare legge til rette for å kunne bruke meir tid på lokal, berekraftig verdiskaping. Prosjektet skulle ha stort brukarfokus.

Oppsummering frå prosjektet:

Forenkling er godt mogleg, men ein må ha respekt for demokratiske prosessar, rettstryggleik og bruksrettar knytt til utmarksforvaltninga. Det er inga god løysing å forenkle utan å sjå kva som ligg bak rolla til dei ulike forvaltningsorgana. Betre dialog mellom aktørane og betre saksbehandlingssystem for oversikt og rom for parallell behandling er døme på tiltak som kan

bidra til forenkling i utmarksforvaltninga. Utan nasjonal styring er det vanskeleg å få på plass effektive forenklingstiltak.

2 Prosjektorganisering

Det vart etablert prosjektgruppe, referansegruppe og brukargruppe.

Prosjektgruppe; Lom kommune v/Åshild Amundsen og Sander Sælthun, Lom fjellstyre v/Odd Repp og Magny Hilde, Jotunheimen nasjonalpark v/nasjonalparkforvaltar Kari Sveen, Norsk fjellsenter v/Anne Silje Berg og Mai Bakken

Referansegruppe/brukargruppe; Lom fjellstyre ved Erik Frisvold, Lom kommune ved Leif Morten Plassen, DNT Oslo og Omegn ved Jan Erik Reiten, Glitterheim turisthytte ved Knut Vole, Juvasshytta ved Anne Wangen, Statskog ved Trond Berger

Prosjektet vart forankra gjennom vedtak i Lom fjellstyre, som orienteringssak i Lom formannskap, verneområdestyret for Jotunheimen nasjonalpark og styret i Norsk Fjellmuseum.

Prosjektgruppa har hatt jamlege møte gjennom prosjektperioden og har gjennomført ein studietur til Metsähallitus i Finland for å bli kjend med finsk nasjonalparkforvaltning.

3 Gjennomføring av prosjektmåla

3.1 Projektmåla:

Mål 1: finne forbettringspotensial i alle ledd av forvaltninga som kan ha overføringsverdi til andre kommunar og verneområde. Vi plukka ut to sakstyper i tillegg til motorferdsel; grunndisponering i statsallmenning og byggesak næring – utanom landbruk.

Mål 2: forenkling av handsaming av motorferdselsøknader innanfor verneområde for å unngå dobbeltarbeid

Mål 3: bidra til å kanalisere henvendingar inn «ei dør»

Mål 4: forenkle rapporteringsrutinar knytt til forvaltningsplanen til Jotunheimen nasjonalpark for aktørar innan naturbasert reiseliv/ organisert ferdsel

Mål 5: auke kompetanse knytt til utmarksforvaltninga

3.2 Gjennomføring av aktivitetar knytt til prosjektmåla

Prosjektet starta opp med eit referansegruppemøte der vi fokuserte på erfaring med forvaltning før og nå med ynskje om innspel til forenkling og forbetring. Dette for å kartlegge erfaringar og rutinar i starten av prosjektet.

Prosjektet fylgde opp med brukarmøte for å fokusere på utfordringar i saksgang og gjeldande regelverk. Vi brukte tenestedesign som metodikk. Denne metodikken gjer det mogleg å identifisere flaskehalsar, problemområde og frustrasjonar for brukar. Nyttig for i neste omgang å kunne gjere tenestene betre – eller med andre ord forenkle prosessane. Deltakarane i brukarmøtet var forvaltning, næringsdrivande med aktivitet i nasjonalpark og utmark og brukarar som på ulikt vis nyttar utmarka. Prosjektmåla baserer seg på ei forenkling for desse gruppene.



Foto: Brukargruppemøte med fokus på å identifisere flaskehalsar i saksgangen

Gjennom oppstartsmøta fekk vi nyttige innspel på kva som var viktig å fylgje opp i prosjektet. Både erfaringar som vart oppfatta som negative, flaskehalsar i saksgangen og praksis og rutinar som vart oppfatta som konstruktive og positive.

Det kom også fram at bruken av utmarka har endra seg mykje der ein nå har fleire brukarar utan kunnskap og erfaring. I tillegg har ein ei større gruppe brukarar med tiltrekking til highlights, som for eksempel Galdhøpiggen og Besseggen.

Viktig å vurdere eventuelle forenklingstiltak i høve dagens situasjon og for framtidig bruk av utmark.

Ein felles portal for søknader og rapporteringar knytt til løysingar som tek høgde for forskjellige fristar, prosedyrar, eventuelle private grunneigarar og ulike forvaltningsorgan, var eit ynskje som kom tydeleg fram i møta.

Etter dette plukka prosjektgruppa ut område som etter vår oppfatning var mogleg å arbeide vidare med og som vil føre til forbetring og forenkling jmf. dei skisserte prosjektmåla.




Foto: Tenestedesign som metodikk for å gå gjennom brukarreisa knytt til søknad om motorferdsel i utmark

3.3 Oversikt over utarbeidde forslag til forbetring og forenkling knytt til prosjektmåla;

- Utarbeide oversikt over rutinar for felles synfaring før søknadar og dialog i forkant av søknad, kopla mot dei sakstypene vi har valt ut, vedlegg 1a og 1b
- Utarbeide oversikt over saksgangen i desse sakane, vedlegg 2a, b og c
- Etablere regionalt forum for utmarksforvaltning i regionen Nord-Gudbrandsdalen for å få betre samordning mellom forvaltningsorgan og gjere forvaltningssystemet mindre sårbart, vedlegg 3
- Foreslå konkrete endringar til behandling av motorferdselssaker innanfor verneområdet for å unngå dobbeltarbeid. Her kom vi med konkrete forslag til endringar i forskrift og lov, vedlegg 4
- Foreslå forenkla løysing for søknads- og rapporteringsprosessen for brukar. Konkret vart det oppretta kontakt med Altinn for å få ein plattform som dei fleste kjenner til og bruker, som kan handtere søknad og rapportering, Vedlegg 5
- Parallelt med dette har prosjektet etablert eit samarbeid med nasjonalparkforvaltarane i Langsua og Dovrefjell om deira motorferdselapp, Ferdast. Vi har kopla forenklingsprosjektet med appen Ferdast, og i tillegg Altinn som plattform for søknad og rapportering. Målet er ei forenkling av søknad og rapportering og at det i tillegg

fører til gode forvaltningsgrep, spesielt knytt til at ein gjennom bruk av appen Ferdast kan få kartlagt ferdsel og belastning på områder på ein oversiktleg måte. Vedlegg 6

- Formalisering av aktørar i eit forvaltningsknutepunkt for å kunne fungere som «ei dør inn», vedlegg 7

4 Resultat og samfunnsnytte

Resultata vi kan vise til er lagt ved i form av vedlegg utarbeidd av prosjektgruppa. Dette er erfaringar gjort av aktørar med lang erfaring i å samarbeide om utmarkssaker.

I prosjektsøknaden viste vi til korleis samlokalisering av aktørar, som på forvaltningsknutepunktet Norsk fjellsenter, kan bli til «ei dør inn». Vi la også vekt på at Lom kommune har lang erfaring med nasjonalparkforvaltning, særleg med utgangspunkt i Jotunheimen nasjonalpark. Norsk fjellsenter er lokalisert nært kommuneadministrasjonen og aktørane i forvaltningsknutepunktet har lang erfaring i å samarbeide om utmarkssaker og forvaltning av utmark, også i samarbeid med kommunen.

4.1 Forslag til forbetring og resultat av desse:

1. Gjennomgang av nåverande saksbehandling:

Ved å beskrive rutinar og lage oversikt over saksgang, og gjere det tilgjengeleg for andre som god praksis, vil ein kunne vise til god praksis som fører til forenkling som kjem heilt klart brukarane til gode. Desse rutinane er knytt til mål 1 og 3

Oversikt over saksgangen er utarbeidd og gjennom det får vi ei god oversikt over alle forvaltningsaktørar dei forskjellige sakar er innom. Knytt til mål 1

2. Regionalt forum for utmarksforvaltning

Vart etablert i 2018, knytt til mål 5. Denne har fungert sidan oktober 2018 og har lagt opp til 2 årlege møter. Det er Lom som har leiinga nå i starten, men dette skal gå på rundgang. Måla med å danne ei slik faggruppe er å

- Drøfte aktuelle problemstillingar
- Samordne praksis mellom kommunane
- Kva for tiltak er søknadspliktige?
- Kunne samarbeide om saksframlegg – t.d. høyringssaker knytt til lov/ forskrift
- Regionale planar
- Eit slikt fagforum vil vere spesielt nyttig når nye personar kjem inn i fagstillingane
- Mindre sårbart forvaltningssystem

3. Konkrete endringar til forskrift og lov om motorferdsel.

Dette forslaget er knytt til mål 1 og 5. Dette vart spelt inn til KMD som vidaresendte det til KLD. Det gjekk 4-5 månader før prosjektet fekk attende svar, der forslag til endring i forskrift vart teke til orientering for å bli med som innspel til neste revisjon. Forslag om endring i motorferdselslova gjekk ut på at motorferdselssaker regulert av verneforskrifta skulle bli unnateke kommunal behandling. Vanleg praksis er at verneområdestyra sine vedtak etter verneforskrifta er styrande også for kommunane si behandling etter motorferdsellova. Verneforskriftene er generelt strengare enn motorferdsellova m/ forskrift. Vanleg praksis er derfor at kommunen sitt vedtak etter motorferdsellova berre blir ei stadfesting av verneområdestyret sitt vedtak etter verneforskrifta, og kommunen si behandling framstår derfor som eit unødvendig ledd i søknadsbehandlinga.

Prosjektgruppa foreslo vidare ei forsøksordning knytt til dette punktet, som burde omfatte alle kommunar med areal i Jotunheimen nasjonalpark. Svar frå KMD syner til at det må kome ein formell søknad om forsøk etter forsøkslova frå Lom kommune, den må handsamast av kommunestyret i alle kommunane knytt til Jotunheimen NP før den så går attende til KMD og KLD for vurdering.

Prosjektgruppa vurderte det slik at ein slik prosess ville ta mykje fokus og ressursar i den relativt korte tida som var att av prosjektperioden, prosjektgruppa si oppfatning var at dette ikkje ville vere realistisk å gjennomføre innanfor prosjektet sine rammer

4. Forenkla løysingar for søknad- og rapporteringsprosessar

Dette er ei forenkling for brukar og bidreg til at aktørar kan fylgje prosessar heile vegen. Dette kan knytast til Mål 1, mål 2 og 3.

Prosjektet har etablert kontakt med Altinn og fylt ut eit behovsavklaringsskjema (sjå vedlegg nr. 5). Men ein del føresetnader må på plass;

- Altinn må "prate saman" med kommunale saksbehandlingssystem som t.d. ePhorte
- Eit standardisert, elektronisk søknadsskjema må sikre at alle opplysningar er med. Forslag til skjema finst allereie på miljøkommune.no, men blir i varierende grad brukt.
- Altinn må ha ei kartløyising der du kan teikne inn ruta direkte eller legge inn ein sporlogg. Denne må vere knytta til matrikkelen, slik at søkjaren får opp ei liste over alle som blir berørt og må gjeve løyve.
- Når søknaden er utfylt må den kunne sendast til alle involverte med eit tastetrykk. Deretter må søkjar kunne følge prosessen inne på Altinn og få beskjed når det blir fatta vedtak.
- Her kan også dei ulike forvaltningsorgana følgje saksbehandlinga. Det er vanleg å behandle etter strengaste regelverk først, men med god dialog kan forvaltning også skje parallelt for å spare tid.
- Rapportering må skje på ein einsarta måte, og fristane bør samordnast lokalt. I dag er dette ulikt i ulike verneområder.

5. Appen Ferdast.

Dette har vore eit spennande arbeid å ta del i og det er eit spennande verkty om ein får denne til å fungere slik den er tenkt. Det er forvaltninga i Langsua og Dovrefjell som tek dette arbeidet vidare, resultat, føresetnader for bruk og framdrift er beskrive i statusskrivet i vedlegg nr. 6.

6. Formalisering av aktørar i forvaltningsknutepunkt

Prosjektet starta opp med formalisering mellom forvaltarar og besøkscenter nasjonalpark. Det er vanskeleg å formalisere noko så lenge dette ikkje kjem frå overordna nivå som kan vere Miljødirektoratet eller Klima- og miljødepartementet, KLD. Men det er utarbeidd eit forslag på aktuelle samarbeidsområde.

5 Erfaringar i prosjektet

Prosjektgruppa konkluderer med at forenkling av utmarksforvaltning er ei viktig forsøksordning og eit spennande arbeid. Det var veldig aktuelt den tida Kommunal- og moderniseringsdepartementet hadde fokus på tematikken og skapte merksemd kring det.

Det tok lang tid å få svar på søknaden, og vi erfarte tidleg i prosjektet at det var dalande interesse politisk. Da vi søkte om forlenging av prosjektperioden med bakgrunn i sein attendemelding, fekk vi avslag.

Ytterlegare satsing frå KMD vart stoppa med denne utlysinga og det vart skifte av minister for departementet i starten av prosjektperioden, det har prega prosjektet.

Det har også vore skifte av prosjektleiar i prosjektgruppa, og skifte av kontaktperson i departementet.

Prosjektgruppa bestemte seg likevel for å halde fram, sjølv om det var mindre inspirerende å arbeide med eit prosjekt som oppdragsgjeveren syntes å ha mista interessa for.

Forenkling av utmarksforvaltning er fortsatt like aktuelt og prosjektgruppa har gjennom arbeidet sitt vorte meir bevisst flaskehalsar og utfordringar for brukargrupper og forvaltning. Tid og ressursar går med til sakshandsaming i ulike forvaltningsinstansar, noko som fører til mindre handlingsrom og færre ressursar til å drive lokal, berekraftig verdiskaping i område med mykje utmark.

Prosjektgruppa gjennomførte studietur til Finland, der vi møtte representantar for den finske nasjonalparkforvaltninga, Metsähallitus. Inntrykket vårt er at ein av dei største forskjellane mellom finsk og norsk forvaltning er ansvaret for infrastruktur i nasjonalparker.

I Finland er alt ansvar samla hos Metsähallitus, i Norge ligg ansvaret på mange forskjellige aktørar. Som eksempel har DNT ansvar for merking av turstiger og dei har mange av hyttene i nasjonalparkane.

Prosjektgruppa sit att med inntrykk av at finsk nasjonalparkforvaltning har hatt fokus på besøksforvaltning over lengre tid og ligg i forkant når det gjeld å handtere auka interesse for å besøke nasjonalparker.



Foto: Studietur til Finland

Tilrettelagt infrastruktur er viktig for dei besøkande og viktig for det området som er verna. Ein refleksjon er at i Norge har ein lansert den nye merkevaren for nasjonalparkar og ynskjer velkomen inn, men ligg i etterkant med besøkstilrettelegging og aktiv besøksforvaltning. Dette gjer det tyngre for aktørar som ynskjer verdiskaping med utgangspunkt i utmark og nasjonalparkar som ein ressurs. Forvaltningsaktørane er mange og handsaminga er uoversiktleg. I tillegg manglar forvaltninga tydelege verktøy for å styre bruken i område der det er så stort besøkstrykk at ein treng særlege verkemiddel for hindre at ressursane som skal gje grunnlag for verdiskaping, blir forringa. Vi ser i dag område der det oppstår terrengslitasje og forsøpling, utan at kommunane og verneområdeforvaltninga har ressursar til å byggje tilfredsstillande infrastruktur. Det er heller ikkje gode nok verkemiddel for å kunne regulere ferdsla knytt til naturbasert reiseliv på dei mest populære plassane.

Forslaga vi har kome med krev eit politisk engasjement og ein vilje til å gjere konkrete endringar. Ein må ha ei meir einheitleg og overordna styring, og det må vere ei samordning mellom aktørar.

Sluttrapporten går ut til alle som har delteke i referansegruppa og brukargruppa.

6 Økonomi

Budsjett (jamfør søknaden):

Budsjettpost	2017	2018	2019	SUM
Egeninnsats	333 000	333 000	334 000	1 000 000
Informasjonstiltak	20 000	20 000	20 000	60 000
Kompetanseheving	40 000	40 000	40 000	120 000
Møte	30 000	30 000	30 000	90 000
Prosjektleder	243 000	243 000	244 000	730 000
SUM kostnader	666 000	666 000	668 000	2 000 000

Prosjektet fekk tildelt inntil ein million i tilskot. Budsjettet tok utgangspunkt i ei tre-årsperiode, da søknaden vart sendt i mai 2017. I realiteten vart prosjektperioden i to år, sidan tilsagnet kom i slutten av 2017 og sluttrapporten skulle leverast innan 1. desember 2019.

Budsjettpost	2017	2018	2019	SUM
Egeninnsats	kr 333 000	kr 333 000	kr 333 000	
Informasjon	kr 20 000	kr 20 000	kr 20 000	
Kompetansetiltak	kr 40 000	kr 40 000	kr 40 000	
møteutgifter	kr 30 000	kr 30 000	kr 30 000	
prosjektleder	kr 243 000	kr 243 000	kr 243 000	
	kr 666 000	kr 666 000	kr 666 000	
Rekneskap				
Eigeninnsats	kr 149 600	kr 339 075	kr 69 300	kr 557 975
Informasjon/kompetanse		kr 90 514		kr 90 514
møteutgifter		kr 35 698	kr 5 227	kr 40 925
prosjektleder	kr 93 775	kr 220 000	kr 84 150	kr 397 925
SUM	kr 243 375	kr 685 287	kr 158 677	kr 1 087 339

Eigenandel	kr 557 975
Tilskot	kr 529 364
SUM	kr 1 087 339

Så langt har det vorte utbetalt kr. 121 688 + 364 592, totalt kr. 486 280.

Det gjenstår med anna ord ei utbetaling på kr. 43 084. Revidert regnskap blir ettersendt.

7 Vedlegg

Rutinar ved gjennomføring av felles synfaring i Lom. (Gjeld statsallmenningen.)

Arealsaker eller byggjesaker som vert varsla eller kjem inn til fjellstyret i perioden frå hausten og fram til juni månad året etter, vert drøfta i fellesskap med Statskog. Saker der fjellstyret/Statskog meiner det er nødvendig eller fordelaktig med ei synfaring, før det vert teke avgjerd, vert samla opp til ei fellessynfaring for fjellstyret og Statskog i juni månad, eller så fort føreforholda tillet det. Det er fjellstyret som tek initiativ til, kallar inn og gjennomfører synfaringa. Til synfaringa vert søkjaren og andre partar/etatar som sakene vedkjem, inviterte. Dette gjeld etatar som fjellstyret skal ha uttale frå, eller som vil få saka til behandling. Dei som deltek vil da oftast vera saksbehandlaren som skal førebu eller er delegert avgjerdsrett i saka. Den vanlegaste deltakinga vil vera frå ymse etatar i kommunen, men i verneområda vil nasjonalparkforvaltaren bli invitert, og i skogsområde representantar frå allmenningsstyret. I spesielle tilfelle kan det også vera aktuelt å invitere representantar frå ymse særinteresser.

Fordelar og nytte av ei slik fellessynfaring.

Alle impliserte partar får ei grundig innføring og oversikt over saka på eit tidleg tidspunkt. Søkjaren får kontakt og kjem i dialog med dei som skal førebu eller behandle saka, og gode høve til å grunngjeva og utdjupe ein søknad. Saksbehandlar og etatar får høve til å orientere om dei reglane og lovene som gjeld for sine saksområde, og rettleie søkjaren i prosessen. Det vil da kunne vera høve til å justere eller tilpasse søknaden sin etter dei signal og attendemeldingar søkjaren får ved ei slik synfaring. Dette fører m.a. til at urealistiske forventningar eller nye moglegheiter vert avdekka tidleg i prosessen. Saksgangen vert raskare og det blir mindre frustrasjon for søkjaren når han er gjort merksam på utsiktene for å få eit positivt eller negativt utfall av ein søknad.

Ei synfaring skjer gjerne i meir uformelle former enn eit oppmøte på eit kontor vil vera. For mange kan dette vera eit viktig aspekt å ta omsyn til.

RUTINAR FOR DIALOG I BYGGESAK/AREALDISPONERINGSSAK UTANOM LANDBRUKSSAKER (pkt 7 i arbeidsplanen):

Involvering av alle relevante paratar på eit tidleg stadium i prosessen vil gje søkjaren relevant informasjon og moglegheit for å tilpasse søknaden dersom eitt eller fleire av forvaltningsorgana har særskilde føringar som må ivaretakast.

Overordna prinsipp:

- Ta avgjerd etter strengaste regelverket fyrst. I nasjonalpark / landskapsvernområde / naturreservat er det verneforskrifta som er strengaste regelverket. Dette gjer det naturleg å ha nasjonalparkforvaltar/verneområdeforvaltar som koordinator.
- Koordinator bør ta ansvar for å legge opp eit samordna løp frå starten av. Enkelte saker kan behandlast parallelt, og saksflyten bør avklarast i dialogmøtet.
- Dialogmøtet kan gjennomførast som fysisk møte eller via Skype. I større byggesaker vil felles synfaring vera nyttig. Ein kan da vurdere særlege utfordringar som vil krevje separat behandling i eitt eller fleire organ.

Eksempel: Vurdering etter forureiningslov og brannvern forskrift. Det er viktig å få slike forhold på bordet tidleg, slik at ikkje verneområdestyret gjer eit så snevert vedtak at dei må få saka tilbake på nytt dersom den ikkje har teke høgde for tilhøyrande tekniske krav som følgjer av anna lovverk. (Areal for reinseanlegg, bygningsareal som gjev rom for rømmingsveggar og brannsikker lagring av gass og liknande.)

Oppgåver for koordinator:

1. Identifisere kva organ som må involverast – sjå tabell
2. Vurdere type dialog ut frå kompleksitet i saka – rådføre seg med kommunen
3. Kalle inn til dialogmøte, der det blir avtala vidare saksgang og informert om nødvendig tidsbruk. Moglegheit for parallell behandling i enkelte organ for å spare tid må vurderast. Søklar får tilbakemelding på kva som eventuelt manglar i søknaden.

Type sak	Forvaltningsorgan / lovverk			
Byggesak næring utanom landbruk	Nasjonalparkstyre Verneforskrift	Kommune Plan- og bygningslov Brannvernlov/- forskrift Forureiningslov / forskrift	Statskog/ grunneigar	Fjellstyret er høyringspart i slike saker i statsallmenning

Administrativt kontaktutval

kan vera ein god arena for betre samhandling der rutinane ikkje er etablert frå før.

Administrativt kontaktutval er heimla i vedtektene til nasjonalparkstyra, pkt. 10 i vedtekter for Jotunheimen/Utladalen:


10. ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVALG

For å sikre at forvaltningen av verneområdene blir godt integrert i den kommunale forvaltningen, bør styret oppnevne et administrativt kontaktutvalg bestående av representanter fra administrativt nivå i de ulike kommunene.

Merknad: I område med statsallmenning vil det kanskje vera relevant å ta inn sekretær(ar) for fjellstyret(-a) i adm.utval.


SAKSGANG

Byggesaker på fritidsfeste og næringsbygg i statsallmenning (utanom jordbruk)




SAKSGANG


Grunndisponering i statsallmenning (utanom bruksrettssaker)



SAKSGANG

Søknad om motorisert ferdsel med snøskuter eller helikopter





Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Sel kommunar v. utmarksansvarleg.

Dovre, Lesja, Finndalen, Lom, Vågå, Sel fjellstyra, v. fjelloppsyn.

Skjåk allmenning, v. dagleg leiar.

Verneområda Dovre, Dovrefjell og Sunndalsfjella, Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen, Rondane, v. nasjonalparkforvaltar.

Lesja, 25.10.2018

Invitasjon til deltaking i Regional faggruppe utmark / oppstartsmøte

Bakgrunn

I Lom er det etablert eit prosjektet «*Forenkling av utmarksforvaltning*», Med i prosjektet har vore:

- Norsk fjellsenter / Norsk fjellmuseum: Mai Bakken, Anne Silje Berg/ Magny Hilde.
- Lom fjellstyre: Odd Repp.
- Nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen: Kari Sveen.
- Lom kommune: Sander Sælthun, Åshild Amundsen.

Prosjektet har særleg sett på desse forvaltningsområda:

- Motorferdsel i utmark
- Annan arealdisponering/ arealforvaltning i utmark
 - Bruk og vern.


Viltforvaltning er halde utanom fordi det her er etablert gode grunneigabaserte ordningar, innanfor ei ramme av kommunal forvaltning.

Prosjektet i Lom har komme til at det vil vera tenleg å etablere ei regional faggruppe for utmarksforvaltning. Målet med ei faggruppe vil vera:

- Drøfte aktuelle problemstillingar.
- Samordne praksis mellom kommunane.
- Kva for tiltak er søknadspliktige?
- Kan vere aktuelt å samarbeide om saksframlegg – t.d. høyringssaker knytt til lov/ forskrift, regionale planar.
- Eit slikt fagforum vil vere spesielt nyttig når nye personar kjem inn i fagstillingane.

Ei regional faggruppe er tenkt representert ved (i alt 19 personar):

- Utmarksansvarleg i dei seks kommunane Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå og Sel.
- Fjelloppsynet i fjellstyra i dei seks kommunane.
- Skjåk allmenning v. dagleg leiar.
- Nasjonalparkforvaltar frå kvar av dei seks store verneområda i regionen.



Eablering av faggruppe utmarksforvaltning

Dei seks kommunane har allereie eit regionalt nettverk for geodatasamarbeid (kartsamarbeid) i Nord-Gudbrandsdalen (NGGIS). Samarbeidet gjeld felles innkjøp av programvare, drift og forvaltning av geodata, kurs og kompetansebygging. I dette samarbeidet er det etablert ni faggrupper, der ei gruppe gjeld friluftsliv. Det er avklart med NGGIS at denne gruppa kan få ein utvida funksjon til å omfatte utmark, slik arbeidsgruppa i Lom legg opp til.

Ei faggruppe utmark vil få ei samansetning der kommunane kjem i mindretal. Det blir derfor viktig å skilje ut saker som berre gjeld NGGIS med ein eigen dagsorden, slik at dei andre partane ikkje treng vera med å drøfte desse. Bruk av GIS og geodata i utmarksforvaltninga vil likevel kunne takast opp på ein breiare front, då dette har blitt eit viktig verktøy og ei viktig kjelde til kunnskap.

Sidan faggruppa tek utgangspunkt eit kommunalt nettverk, er det naturleg at leiaren for gruppa vil vera frå ein kommune.

På ein slik bakgrunn blir det kalla inn til eit oppstartsmøte for faggruppa. Partane kan då også melde attende om dei ser seg tent med å delta i ei regional faggruppe for utmark.

Invitasjon til oppstartsmøte

- Onsdag 28. november 2018
- Kl. 10:00 – 14:00
- Lom fjellsenter.

Saker

1. Stutt om NGGIS, v. Trond Stensby (leiar fagrådet NGGIS)
2. Stutt om prosjektet «Forenkling av utmarksforvaltning», v. Mai Bakken (Norsk Fjellsenter)
3. Eablering av faggruppa
 - a. Retningslinjer.
 - b. Val av leiar.
4. Fagleg program
 - a. Bruk av GIS og geodata i utmarksforvaltninga, v. Trond Stensby (NGGIS)
 - b. Status for arbeidet med besøksstrategiar for verneområda, v. nasjonalparkforvaltar Kari Sveen (Jotunheimen NP)
 - c. Presentasjon av fjellovutvalet si innstilling, v. Odd Repp (Lom fjellstyre)
 - d. To konkrete forslag til endringar i motorferdsellova/ forskrifta som prosjektgruppa i Lom har spelt inn til KMD, prosjektgruppa v. Sander Sælthun.
5. Innkomne spørsmål og saker.

Med helsing

Trond Stensby
leiar fagrådet NGGIS
sign.

Mai Bakken
dagleg leiar Norsk fjellsenter
sign.

Kopi til:

Ola Næprud, leiar koordineringsgruppa NGGIS

Lom kommune, Norsk fjellsenter, Lom fjellstyre og nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen samarbeider om prosjektet *Forenkling av utmarksforvaltningen i Lom kommune og Jotunheimen nasjonalpark*. Prosjektet er oppretta etter ei utlysing frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fekk i tilsegnsbrev 25.10.2017 tildelt ein million kroner i prosjektstøtte.

Eit av hovudmåla til prosjektet er *forenkling av behandling av motorferdselssaker innanfor verneområdet for å unngå dobbeltarbeid for brukar, forvaltar og kommune*. Prosjektgruppa har arbeidd med denne problemstillinga sidan prosjektstart seinhausten 2017, mellom anna ved å ta opp dette som eit av tre tema i eit breitt samansett brukarmøte den 07.02.2018. Under brukarmøtet identifiserte vi flaskehalsar i forvaltninga som prosjektgruppa har arbeidd vidare med.

Prosjektgruppa ønskjer med dette brevet å legge fram to konkrete framlegg til endringar i nasjonalt regelverk som etter vårt syn kan gje vesentleg gevinst i form av forenkla behandling av motorferdselsaker både innanfor og utanfor verneområde etter naturmangfaldlova:

1. Framlegg til endring i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Nasjonal forskrift til motorferdsellova kom i 1988, for å få sterkare nasjonal styring på den kommunale forvaltninga. Før dette tidspunktet fanst det ulike lokale forskrifter, med stort sprik mellom strengaste og mest liberale forvaltningspraksis.

Eit ledd i den nasjonale styringa av snøskuttersaker var innhaldet i forskrifta § 6, som pålegg politisk behandling av særlege dispensasjonssaker:

*§ 6. I unntakstilfelle kan **kommunestyret – eller et annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer** – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.*

For mange saker vil dette medføre ei unødvendig omstendig og tidkrevjande behandling:

- Behandlingstid vil vere avhengig av politisk møtekalender
- Detaljert saksutgreiing må utarbeidast i forkant av frist for møteinnkalling
- Gjennomføring av møte, utskrift av møteprotokoll, og til slutt svar til søker.

Administrativ behandling krev også fagleg tilfredstillande saksutgreiing, men med rom for å vise til praksis i tilsvarande saker. Svar «på dagen» kan derfor vere mogleg i hastesaker.

Prosjektgruppa vil derfor foreslå at § 6 i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag blir endra slik dei gule markeringane viser:

*§ 6. I unntakstilfelle kan **kommunen** etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.*

Grunngjeving: Det bør vera opp til kommunane sjølve korleis dei vel å organisere saksbehandlinga og eventuelt gje retningslinjer for forvaltningspraksis dersom dei vel å delegere saker etter § 6 til administrasjonen, for meir effektiv saksbehandling. § 6 vil dermed bli likestilt med § 5, § 5 a og § 5 b når det gjeld kommunens mogelegheit til intern delegering.

2. Framlegg til endringar i motorferdsellova for å unngå dobbeltbehandling etter verneforskrift og etter motorferdsellov for søknader innanfor verneområde

I dei aller fleste tilfelle vil føresegnene om motorferdsel i verneforskrift vere strengare enn det nasjonale regelverket for motorferdsel i utmark. Kommunens behandling etter motorferdsellov og

–forskrift vil derfor framstå som unødvendig og tidkrevjande «sandpåstrøing» etter at forvaltningsmyndigheita har gjort vedtak etter verneforskrifta.

Prosjektgruppa foreslår derfor at motorferdselsaker regulert av verneforskriftas definerte formål (standard verneforskrift § 3 pkt. 6.2-6.3) blir unnateke for kommunal behandling etter motorferdsellova. For saker etter den generelle dispensasjonsheimelen – verneforskrift § 4, avløyst av naturmangfaldlovas § 48, kan det truleg vere ønskjeleg å behalde kommunen si behandling etter motorferdsellova. Kommunane kan elles oppleve det som om for mykje skjønnsmessig vurdering blir overlatt til andre forvaltningsorgan. Men generelt er verneforskrifta strengare enn kommunal forvaltning, slik at det i praksis neppe vil bety ein skilnad for verken brukar eller forvaltningsorgan.

Endringa medfører at det må innførast eit unntak i motorferdsellova (§ 2), det vil kanskje også vere nødvendig med justeringar i naturmangfaldlova.

Prosjektgruppa vil vidare foreslå at det i samband med prosjektet blir oppretta ei forsøksordning knytt til framlegget i punkt 2 ovanfor. Slik kan ein alt i prosjektperioden få erfaringar med dei foreslåtte endringane, og gjennomføre ei tidleg evaluering. For å få eit stort nok saksomfang bør forsøket omfatte eit større område enn berre Lom kommune, til dømes alle kommunane som har areal i Jotunheimen nasjonalpark.

Behovsbeskrivelse for kommunale og fylkeskommunale tjenester i Altinn

Søknad om løyve til motorferdsel i utmark og
rapportering

<23.10.2018>

Innledning

Denne beskrivelsen gjelder for alle kommunale og fylkeskommunale tjenestebehov som ønskes realisert gjennom en tjeneste i Altinn. Filen sendes til tjenesteeier@altinn.no

1 Opplysninger om tjenesteeier og tjenesten

I dette kapitlet ber vi om kontaktopplysninger for den aktuelle tjenesten. Dersom det er flere kommuner eller fylkeskommuner som samarbeider om tjenesten, ber vi om at du oppgir oppgir kontaktopplysninger for den som representerer samarbeidet.

Kontaktopplysninger

Navn på kommune eller fylkeskommune	Lom kommune
Kontaktperson	Sander Sælthun
Telefonnummer	47463218
E-postadresse	Sander.saelthun@lom.kommune.no

1.1 Beskriv tjenesten

Her ønsker vi en kort beskrivelse av nåsituasjonen, mål for den planlagte tjenesten og hvordan tjenesten ønskes implementert. Det er også ønskelig at det legges ved kravspesifikasjon, prosessmodeller og lignende dersom dette er utarbeidet.

Navn på tjenesten

Oppgi navn på tjeneste og eventuell lovhjemmel den er begrunnet i
Søknad om løyve til motorferdsel i utmark og påfølgjande rapportering. Lovheimel: Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven). Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

Nåsituasjon

Beskriv nåsituasjonen før den planlagte tjenesten. Beskriv hvilke verktøy og løsninger som eventuelt benyttes i dag
--

Her er ei oversikt over saksgangen pr. dags dato.

Her har vi tatt utgangspunkt i Lom kommune og Jotunheimen nasjonalpark.

Sjå elles vedlagt flytskjema og dømme på brukerreise.

Type sak	1.behandling	2.behandling	3.behandling
Motorferdselssak Snøscooter Helikopter	Nasjonalpark- styre Verneforskrift	(Kommune) Lovheimel: motorferdsellov / nasjonal forskrift. Saker som er heimla i nasjonal forskrift treng ikkje behandling i kommunen.	Fjellstyre eller grunneigar (fjellstyret opptre på vegne av grunneigar i statsalmenning i motorferdselsaker). Lovheimel: Motorferdsellova § 10)
Motorferdselssak båt (og fly med landing på vassdrag/innsjø)	Nasjonalpark- styre Verneforskrift	(Kommune) Lovheimel: Kan innarbeide verneområde i kommunal forskrift etter motorferdsellov. Saker som er heimla i nasjonal forskrift treng ikkje behandling i kommunen.	Fjellstyret eller grunneigar Lovheimel: Motorferdsellova § 10
Verktøy:	Open søknad til Jotunheimen nasjonalparkstyre. Behandling i ePhorte. Svar på e-post eller brev.	Open søknad eller på søknadsskjema (henta her: http://www.lom.kommune.no/lom-kommune/tenester/natur-og-miljo/motorferdsel-i-utmark/) . Behandling i ePhorte. Svar via SvarUt.	Fjellstyre: Open søknad til Lom Fjellstyre. Svar på e-post eller brev. Grunneigar: Her må kvar grunneigar / eller grunneigarlag gi samtykke, anten skrifteleg eller muntleg. Søklar må sjølv skaffe seg oversikt over aktuelle grunneigarar.

*Mål for tjenesten/behov tjenesten er ment å dekke***Idèbeskrivelse / prosjektets hensikt - Beskriv målsetting for selve tjenesten og behov som tjenesten er ment å dekke**

Lom kommune, Norsk fjellsenter, Lom fjellstyre og nasjonalparkforvaltar for Jotunheimen samarbeider om prosjektet *Forenkling av utmarksforvaltningen i Lom kommune og Jotunheimen nasjonalpark*. Prosjektet er oppretta etter ei utlysing frå Kommunal- og moderniserings-departementet og fekk i tilsegnsbrev 25.10.2017 tildelt ein million kroner i prosjektstøtte.

Eit av hovudmåla til prosjektet er *forenkling av behandling av motorferdselssaker innanfor verneområdet for å unngå dobbeltarbeid for brukar, forvaltar og kommune*. Prosjektgruppa har arbeidd med denne problemstillinga sidan prosjektstart seinhausten 2017, mellom anna ved å ta opp dette som eit av tre tema i eit breitt samansett brukarmøte den 07.02.2018. Under brukar-møtet identifiserte vi flaskehalsar i forvaltninga som prosjektgruppa har arbeidd vidare med.

Det endelege målet er å få ei nasjonal løysing der motorferdselløyve i utmark blir behandla gjennom Altinn, men i fyrste omgang ser vi det som hensiktsmessig å prøve det ut som ein pilot. Det geografiske omfanget må eventuelt avklarast i samarbeid med Altinn, men Lom kommune og Jotunheimen nasjonalpark med tilhøyrande kommunar (Vang, Luster, Årdal, Vågå) er naturlege utgangspunkt.

Fordel med å legge søknadsprosessen over til Altinn:

- Søkjar kan ha full oversikt over saksgangen heile vegen, i staden for dagens situasjon der søknaden må kjenne til / sette seg inn i tre ulike forvaltningsorgan med forskjellige frister og prosedyrer, samt eventuelle private grunneigarar. «Ein søknad, ei dør inn».
- Prosessen blir automatisert i større grad enn i dag og gir moglegheit til parallell behandling, noko som vil forkorte behandlingstida for søkjar.
- Dersom det er anledning til å legge inn ein kartløyving blir det enklare for søkjar å få oversikt over aktuelle grunneigarar
- Få ei meir effektiv søknadsbehandling som frigir tid til forvaltninga, og reduserer sjansene for feil / tidstjuvar i prosessen.

Vi ynskjer elles ei forenkling i eksisterande lovverk. Dette blir det jobba med parallelt.

*Realisering av tjenesten i Altinn***Beskriv hvordan tjenesten ønskes realisert i Altinn (ønskebilde)**

Legg eventuelt ved flytskjema som viser behovet, og fortell hvem som er aktører i tjenesten og hva de skal foreta seg i ulike trinn i prosessen

Ønskebilde på prosessen i Altinn:

- Eit standarisert, elektronisk søknadsskjema som sikrer at alle opplysningane er med. Slike standariserte skjema er allereie utarbeidd og ligg tilgjengeleg her:

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Motorferdsel/Motorferdsel/>

Gode hjelpetekster undervegs.

- Ei kartløyising der du kan teikne inn ruta direkte i eit kart eller legge inn ein sporlogg. Denne må vere knytt opp til matrikkelen, slik at søkjar får oversikt over aktuelle forvaltningsorgan (kommuner, fjellstyre, nasjonalparkstyre), potensielle verneområde og grunneigar / grunneigarlag som må gi løyve til ferdselen.
- Når søknaden er ferdig utfylt, blir søknaden sendt ut automatisk til dei ulike forvaltningsorgana. Her finst det to alternativ:
Alt. 1, innanfor verneområdet: Her går søknaden parallelt til den som har forvaltningsmyndigheit over det aktuelle verneområdet / kommune / fjellstyre / grunneigarar.
Alt. 2, utanfor verneområde: Her går søknaden parallelt til kommunen / fjellstyre / grunneigar. Her bør søkjar helst få svar om forventa prosess og saksbehandlingstid.
- Søkjar bør deretter ha anledning til å følgje prosessen inne i Altinn og få beskjed / tilsendt vedtak så snart saken er behandla i dei ulike organa (gjerne i eit samla dokument).
- Elektronisk standardskjema for rapportering bør ligge tilgjengeleg i Altinn og skal fyllast ut i etterkant av køyringa for visse brukarar. Frister for rapportering bør også samordnast nasjonalt (vinterkøyning / barmarkskøyning).

Behov for funksjonalitet

Beskriv eventuelle behov for funksjonalitet som er avgjørende for å lykkes med realisering av tjenesten

- Forenkla kartfunksjon med kobling til matrikkelen og oversikt over kommune- og vernegrenser (må ikkje vere for tunge å laste ned).
- Kobling mot saksbehandlingssystem (t.d. ePhorte)
- Elektronisk søknadsskema

Tidsplan

Beskriv ønsket tidsplan for utvikling og realisering av tjenesten, tidspunkt for når tjenesten må være i produksjon

Det kjem an på om det er aktuelt med ein pilot fyrst, eller om tenesten skal rullast ut nasjonalt etter ei viss prøveperiode på brukarar og forvaltningsorgan.
For Lom sin del har vi prosjektmidlar og ressursar til å jobbe med prosjektet ut 2019, så det er ynskjeleg med ei snarleg avklaring rundt vidare prosess.

Alternativer i markedet

Finnes det løsninger i markedet som kan dekke samme behov?

Ikkje det vi kjenner til .

2 Mulige hindringer i etableringen av tjenesten

Her angis antatte utfordringer og / eller hindringer i forhold til gjennomføring som er kjent for kommunen/fylkeskommunen. Eksempel på potensielle hindringer er tekniske, organisatoriske, juridiske og politiske/administrative hindringer.

Mulige hindringer i etableringen av tjenesten

Beskriv eventuelle hindringer for gjennomføring/innføring av ny tjeneste

- Kommunane har ulike saksbehandlersystem, som gjer at Altinn må kunne koblast opp til alle desse.
- Sidan motorferdsel kan gå over både kommunegrenser, fylkesgrenser og vernegrenser, er vi avhengig av eit nasjonalt system dersom det skal fungere optimalt.
- Avhengig av sentral support / brukerstøtte som fungerer
- Det kan vere ein terskel for brukarar / forvaltningsorgan å gå over til eit digitalt søknadsskjema i startfasa

3 Aktører og interessenter for tjenesten

Brukere av tjenesten

Beskriv brukerne av tjenesten og estimert antall brukere

Alle utmarkskommunar, alle fjellstyrer, verneområdestyrer, organisasjonar, næringsdrivande og private med bruk av utmark vil kunne kome borti dette søknadsskjemaet.

Det finst 94 fjellstyrar, ca. 200 kommunar med vesentlege utmarksressursar og ca. 30 verneområdestyrer. I tillegg kjem organisasjonar som t.d. hjelpekorpsa og DNT.

Andre interessenter

Beskriv eventuelle andre interessenter for tjenesten
Presse, forskning, utdanningsinstitusjonar med fleire kan ha interessa av å ta ut statistikk på motorferdsel i utmark og ei betre oversikt over korleis dette blir handtert nasjonalt (tal på disp. etc.).

Samarbeidspartnere

Beskriv eventuelle samarbeidspartnere, for eksempel andre kommuner, fylkeskommuner eller statlige etater dersom flere samarbeider om tjenesten
Alle utmarkskommunar, alle fjellstyrer, verneområdestyrer, organisasjonar, næringsdrivande og private med bruk av utmark. Det vil vere naturleg å koble på Miljødirektoratet, KLD og KMD i utvikling av tenesta.

Beskriv bruksmønsteret for tjenesten

Estimert volum per år. Hvis mulig, beskriv hvordan volumet fordeler seg gjennom året.
I 2017 var det 12 107 søknadar om motorferdsel jamfør SSB sine statistikk «Miljøforvaltning i kommuner og fylkeskommuner».

4 Gevinstrealisering

I forbindelse med satsingen i Altinn som en felles offentlig løsning, er Brønnøysundregistrene blitt pålagt å følge opp og dokumentere realisering av de samfunnsøkonomiske gevinstene som følger av offentlige IKT-prosjekter som benytter Altinn som plattform. Kommuner og fylkeskommuner har selv ansvar for realisering av egne gevinster

For prosjekter som overstiger 10 millioner kr i investeringskostnader, involverer flere etater, eller krever endringer i Altinn-plattformen, må tjenesteeier sende inn nytte-/kostnadsanalyse og gevinstrealiseringsplan før utvikling av tjenesten kan besluttes.

Utført gevinstanalyser

Er det gjennomført gevinstanalyse etter KS sine anbefalinger på <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/kommit/gevinstrealisering/>, eller annen form for gevinstvurdering?
Hvis ja, legg ved utfylt Gevinstverktøy (excel)

Samfunnsmessige gevinster

Er det identifisert noen samfunnsmessige gevinster som følge av tjenesten? Hvis ja, skisser overordnet hvilke gevinster tjenesten forventes å gi (Internt i offentlig sektor og for brukere)

- Kortare saksbehandlingstid for brukar, som kan gi auka verdiskaping for m.a. lokalt næringsliv
- Auka standarisering, som gjer behandlinga meir lik på nasjonalt nivå
- Redusert risiko for feilbehandling
- Redusert tidsbruk for forvaltning
- Mindre sårbart / meir robust
- Mindre papirforbruk
- Mogleg til innhenting av felles statistikk, som gir grunnlag for ei nasjonal oversikt. Dette gjer det enklare å måle belastning, utfordringar etc.
- «Ei dør inn» for brukar

Gjenbrukspotensiale

Er det vurdert mulighet for gjenbruk av løsningen i andre kommuner og fylkeskommuner, eller som nasjonal tjeneste? Hvis ja, beskriv overordnet hvordan dette kan foregå og hvilket potensiale man ser her

Dette må gjennomførast som ei nasjonal teneste, elles så har dette ingen eller liten effekt, snarare tvert imot.

Samfunnsøkonomisk analyse eller gevinstrealiseringsplan

Er det utarbeidet en gevinstrealiseringsplan for tjenesten?

Nei.

Forankring

Er realisering av gevinster for tjenesten forankret i virksomhetsplaner strategidokumenter, budsjetter eller lignende?

Nei. Men prosjektet har forankring i følgende rapport «Forenkling av utmarksforvaltningen – kommuner som førstelinjetjeneste for utmarksforvaltning og forenklingstiltak innen IKT: [https://www.regjeringen.no/contentassets/e927495e167e4fdb4292cad0f83eaac/forenkling - av utmarksforvaltningen.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/e927495e167e4fdb4292cad0f83eaac/forenkling_-_av_utmarksforvaltningen.pdf)

Denne rapporten vart bestilt av KMD, KLD og LMD, og er bakgrunnen for at vi har fått prosjektmidler fra KDM til å fortsette dette arbeidet.

Her vart det foreslått seks ulike tiltak, m.a. «at det igangsettes et arbeid for å utrede en digital plattform for saksbehandling av utmarkssaker».

Etter utredning og brukermøter har vi kome fram til at det er ein fordel å nytte eksisterande system som Altinn, i staden for å bygge opp til ein heilt ny plattform.

Er tjenesteutviklingen forankret hos rådmann eller fylkesrådmann?

Prosjektet har forankring hos både politisk og administrativ teneste i Lom kommune.

Status Ferdast – digitalt forvaltningssystem for søknadspliktig ferdsel i utmark

Bakgrunn

Søknadspliktig motorferdsel i utmark utgjør om lag 80% av alle dispensasjonssøknader til enkelte nasjonalparker, som for eksempel Langsua og Dovrefjell. Motorferdselssaker tek mykje av arbeidstida for fleire verneområder. Dette arbeidet blir ikkje løyst på ein tilfredstillande måte i dag:

- søknads- og rapporteringsprosessen er byråkratisk, og går på rundgang i fleire forvaltningsledd. I tillegg krev SNO i nokre område rapport om start og stopp på kvar tur, og køyrebøk/-skjema skal fyllast ut før start av kvar tur
 - Rapportar kjem i mange ulike former, som papirskjema, brev, notisbøk, papirlappar, word-filer, gps-logger. Det blir mykje manuelt arbeid med rapportane, det fører til lite bruk av dei i praksis for forvaltninga.
 - Motorferdselssaker blir handtert ulikt rundt omkring i kommunane. For større verneområde med fleire kommunar og fylke, må verneområdeforvaltninga og brukar forhalde seg til ulik forvaltningspraksis i dei forskjellige kommunane.
- Forvaltninga i Langsua var på leit etter forenkling for seg sjølv og brukar i motorferdselssaker og innleia eit samarbeid med utviklar av ein app som kunne brukast til slikt formål. Det var digitalisering og forenkling av rapportering som var motivet, og utviklar av appen BeiteSnap, Fant AS, vart kontakta for å høyre om det var mogleg. Dei kunne utvikle ein app med funksjonalitetar ein kunne ta i bruk for rapportering av motorferdsel.
 - Hausten 2017 vart det etablert samarbeid mellom Langsua nasjonalparkstyre, Dovrefjell nasjonal-parkstyre, (Fant AS) og datateknisk samarbeidspartnar Abaris Consulting AS. Miljødirektoratet løyvde 1 million kroner til utvikling av ein prototype-app i 2018.

Mål for prosjektet

Utvikle ein digital søknads-, kontroll og rapporteringsløyse for forvaltning av søknadspliktig (motor)ferdsel i utmark. Den skal vere brukarvenleg, tidssparande og nøyaktig, og skal kunne nyttast som kunnskapsgrunnlag i forvaltninga av slik ferdsel i og utanfor verneområde.

Kva er gjort?

Mobilappen vart utvikla og prøvd ut i nasjonalparkane Langsua og Dovrefjell. Dette lykkast og gav grunnlag for vidare utvikling av appen. Appen har fått namnet Ferdast og kan lastast ned frå Google Play og Appstore.

Prosjektet *Forenkling av utmarksforvaltning* tok kontakt og det vart etablert eit samarbeid. Vi hadde same mål om forenkling av sakshandsaming og rapportering av motorferdselssøknader for å unngå unødvendig dobbeltarbeid, betre brukaropplevingar og betre datagrunnlag for forvaltning av motorferdsel i kommunar og verneområde.

- Forenklingsprosjektet hadde vore i kontakt med Altinn for å få ein plattform for søknad- og rapportering for motorferdselssaker, dette var også interessant for app-utviklarane. Det vart gjennomført eit møte for å avklare behov og moglegheiter. Møtet var positivt, men ikkje avklarande. Altinn arbeidde med ny plattform, *Tjenester 3.0*, og vi måtte gjere ei vurdering av om appen skulle bli ein pilot.

Prosjektet Ferdast har lagt opp framdrifta slik:

- Utpøving av appen vinteren 2019 ved å tilby flere motorferdselbrukarar å benytte seg av den (frivillig bruk).
- Analyse av løysinger i dag og framtidige behov for digitale løysinger knytt til søknad og rapportering om motorferdsel i utmark hos kommunane og verneområdemynnde. Utrede dei digitale sakshandsamingsløysingene som blir nytta.
- Ta opp att kontakt med Altinn i mai-juni for å vurdere om Ferdast skal bli ein Altinn-pilot i utvikling av *Tjenester 3.0*. Det krev støtte frå ein tenesteeigar i Altinn, som Miljødirektoratet eller KS.
- Kontakt med Miljødirektoratet, KS og aktuelle departement og politikarar for å lyfte prosjektet opp over lokalt/regionalt nivå. KS er viktig med tanke på felles programvareløysingar for kommunar.

Intensjonsavtale

Mellom desse aktørane i forvaltningsknutepunktet; Norsk fjellsenter og nasjonalparkstyra for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalpark, i det vidare kalla aktørane.

1. Formål

Aktørane i forvaltningsknutepunktet på Norsk fjellsenter skal forvalte, informere og formidle kunnskap om nasjonal og internasjonal natur, kultur og nasjonalparker, vidare bidra til forståing for vern av natur- og kulturverdiar og biologisk mangfald.

2. Bakgrunn og område for intensjonsavtala

Aktørane i forvaltningsknutepunktet utgjer eit tverrfagleg miljø som gjennom eit formelt samarbeid kan få lyfta arbeidet med nasjonalparkane til å bli ein enda sterkare ressurs i besøksforvaltninga. Samarbeidet skal bidra til betre samspel med lokalt og regionalt reiseliv og anna næring for å nå mål om bærekraftige aktivitetar og verdiskaping i og kring nasjonalparker og verneområde. Dette er i samsvar med autorisasjonsavtala mellom Norsk Fjellmuseum og Miljødirektoratet og Vedtekter for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3. (syner til vedtekter for nasjonalparkstyra pkt. 8.2, og autorisasjonskriterier for besøkssenter).

Vidare samlar forvaltningsknutepunktet viktig kompetanse, utviklar sterke fagmiljø og blir ein attraktiv arbeidsplass.

3. Ambisjonar for samarbeidet

- 3.1. samarbeide om informasjon ut til brukar/besøkande. Dette kan vera utforming av innhald ved innfallsport, brosjyrar, plakatar, nettside og anna informasjon om natur/nasjonalparker/verneområde
- 3.2. Utvikle og gjennomføre formidlingsopplegg for skuler, grupper og andre knytt til tema natur/nasjonalparker/verneområde
- 3.3. få på plass ein naturveileder på senteret
- 3.4. felles aktiviteter og prosjekt der det er naturleg
- 3.5. tilrettelegge for næring og reiseliv der det er viktig og naturleg, viser til pkt. 8.2 i vedtektene for nasjonalparkstyret
- 3.6. opparbeide felles film- og fotoarkiv
- 3.7. å lage gode besøksstrategier
- 3.8. felles opplæring/kompetanseheving
- 3.9. arrangement, seminar, og andre kompetansehevande tiltak
- 3.10. fagleg innhald i utstillingar

4. Intensjonsavtala si varigheit

Denne intensjonsavtala er gjeldande fram til den blir avløyst av endeleg og formalisert avtale mellom aktørane i forvaltningsknutepunktet

5. Anna

Partane er klar over at dei i innleiande fase av samarbeidet, fram til endeleg avtale, i vesentleg grad byggjer på intensjonar som ikkje er rettsleg forpliktande.

6. Underskrift

Denne avtala ligg føre i to eksemplar, der kvar av partane beheld kvart sitt. Føresetnad at avtala blir godkjent i dei respektive styra.

Lom, 28 .11.2018

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark

Nasjonalparkstyret for Reinheimen nasjonalpark

Norsk fjellsenter

A handwritten signature in dark ink, appearing to read 'Mai Bakken', written in a cursive style.

v/dagleg leiar Mai Bakken